



Eit innslag som gjorde inntrykk under festprogrammet var tala til Byron Maldonado frå Guatemala. Her blir han tolka av Magne Fitjar, medan talaren for dagen, Ove Tvedt, står til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Alle må vera med for å skapa eit fellesskap. Dette var budskapet til den svært poengterte talaren for dagen på Stemneplassen, lærar Ove Tvedt frå Valen, under feiringa av DAGEN i Uskedalen.. Programleiar Bjarne Lilleås, som styrte det heile med sikker rutine, kalla tala eit hovudinnslag på ein dag som tåler karakteristikken strålende.**

Programmet var tradisjonelt, men 17. mai er jo til nettopp for å markera ein tradisjon. Værgudane spela fullt ut på lag med arrangørane i motsetnad til i fjor og denne grunnlovsdagen vil mange også i bygda vår hugsa lenge. Folketoget var lengre enn på fleire år og truleg var rundt 400 til stades under festprogrammet på Stemneplassen, som er ein ideell stad å halda slike tilstelningar på så lenge værgudane er med på laget!





Sigvald Eik (91) hadde minneord over Hans Lauritz Landa frå Eik som mista livet etter ei torpedering i 1942. (Foto: Ola Matti Mathisen)  
Dagen starta som alltid med ein kraftig saluttt klokka sju. Fungerande sokneprest John Victor opplyste under gudstenesta at han for sin del hadde vakna av tre kraftige smellar. Det kommenterte han med at det var gledessmeller over friheiten. Mange stader i verda innber smellane noko heilt anna, påpeika han.  
"Røysterett for alle" opna gudstenesta og så heldt koret det gåande med opptreden fire stader. Det sette punktum under festprogrammet på Steneplassen etter å ha sunge både i Omvikdalen og i Herøysund. Men røystene var like reine!



Denne gongen var det femteklassingane Marit Inga Traavik Sture, Katrine Yri Røssland, Johannes Taranger, Birte Nybakk og Hans Fredrik Zimmer som las Gausvik-prologen ved bautasteinen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter gudstenesta kom høgtida ved bautasteinen der det no har vorte ein vakker tradisjon at femteklassingar les den gripande prologen til Olav Agnar Gausvik om hermennene frå bygda som gjorde teneste i den siste krigen mot svenskane i tidsrommet 1808/1814.



Sondre Kjærland (2. klasse) var stø i potetløpet. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Skulemusikken spela både her, i toget og på Stemneplassen og det vart sett stor pris på at korpset fekk 3.000 kroner av overskottet frå 17-mai-feiringa til eit godt føremål – ein fest!

Samstundes vart Tor Myklebust, Gudrun Døssland og Esther Mørstad takka skikkeleg for at dei har rusta opp den flotta fana til korpset. Den vart laga i 1973 og vart etterkvart sterkt prega av slitasje.



Det var folksomt på skuleplassen og grusbana (Foto: Kjell Magne Haugland) Under:

Eit innslag som gjorde sterkt inntrykk under festprogrammet var då talar Ove Tvedt runda av med å introdusera dei åtte gjestene frå Guatemala. Delegasjonsleiar Byron Maldonado kom med ei helsing der han roste Noreg for å hjelpe mange land i ein fredsprosess. I Guatemala vart det inngått fredsavtale i 1996 etter 36 års krig som kosta 200.000 liv.





'Røyserett for alle' syng i kyrkja. (Foto: Audun Eik)

- Friheit og demokrati er nødvendige verdiar for at eit land kan utvikla seg, sa den tidlegare rektoren. Tvedt slog fast at vi på Grunnlovsdagen feirar at nokon har teke ansvar ut over seg sjølv, ofra seg og gjort ein innsats for fellesskapet.
- Vi har det ikkje godt før også våre gjester frå Guatemala har det, sa Tvedt.

Av Ola Matti Mathisen



Toget med kurs for Dønhaug ."- det var lengre enn på fleire år. (Foto: Ola Matti Mathisen)